

Dyrdøla Kraft SUS  
v/Per Monrad Dahl  
6214 NORDDAL

Fossheim Kraft SUS  
v/Oddmund Dalhus  
6214 NORDDAL

NVE-Konsesjonsavdelinga  
Postboks 2091 Majorstua  
0301 OSLO

Sak 201503000

Sak 20153081

## Tilsvar til innkomne fråsegner angående Kraftutbygging i Norddal

### Fellesdel for Dyrdøla kraft SUS og Fossheim kraft SUS.

Av dei innkomne fråsegnene har vi tilsvar til: Møre og Romsdal Fylkeskommune, Møre og Romsdal Fylke og Naturvernforbundet. Dei har med varierende uttrykksstyrke og fokusering, innvendingar/atterhald om landskap/friluftsliv og biologisk mangfald. Ein del er felles for begge prosjekta og vi har derfor felles motsvar med tillegg for dei enkelte prosjekta.

#### Landskap.

Tiltaka ligg i LNF-område i bygda Norddal, og vil i fylgje kommunen ha små negative verknader. Området er prega av jordbruk, hyttebygging og plantefelt. Det er såleis i aktiv bruk, og har ikkje urørt natur. Tiltaka vil vere i samsvar med andre aktivitetar i området og ikkje virke dominerande. Tiltaksområda grensar ikkje til verdsarvområdet og er ca 9 km frå Herdalssætra.

Tiltaka vil ikkje påverke prestegardstunet verken visuelt eller på annan måte.

Det er ein del av vassføringa i ein liten del av Norddalsvassdraget som er omsøkt til produksjon av rein og fornybar energi. Denne delen er ikkje i konflikt med verneverdiar som «urørthet». begge elvestrekningane ber preg av inngrep som bruer, flaumvern/forbygging, tidlegare kraftverk, bygningar og utfyllingar tett inntil elva.

Det fleire store fossar i vassdraget som ikkje er omfatta tiltaka: Dyrdalsfossane, Dampfossen og Rindfossane. Dette kan vere årsaka til at det er lite interesse for den minste fossen, Storfossen.

#### Reiseliv.

Lokalt er ikkje utbyggingane av Fossheim og Dyrdøla kontroversielle. Det er merkeleg og inkonsekvent at naturvernforbundet er bekymra over negativ påverknad av tiltaka på forureinande aktivitet av 150 turistbussar inn i eit sårbart verdsarvområde, i høve til produksjon av rein energi, i god avstand både til verdsarv og urørt natur. Turistane vil knapt sjå elva på denne strekninga, og heller ikkje høyre elvesus inne i ein buss eller bil. Det er ikkje turveggar i området.

Fleire av grunneigarane som står bak tiltaka, er involverte i utvikling av reiseliv og friluftsliv. Deira vurdering, at dette ikkje har negative konsekvensar, saman med at det ikkje har kome innvendingar lokalt, må til leggjast avgjerande vekt. Vi syner også til kommunen sin positive haldning. Skepsisen til eit reiseliv basert på forureinande cruise- og bussturistar er aukande.

Alternativet er mellom anna turistar som nyttar lokale overnattingstilbod og brukar dei lokale tilboda til mat, drikke og opplevingar, og gjerne tek med seg lokalt produserte varer saman med positive opplevingar når dei reiser frå ei levande bygd i utvikling.

#### Friluftsliv.

Området langs dei to elvestrekningane vert ikkje nytta i samband med friluftsliv. Det vert i dag ikkje fiska i elvane fordi det ikkje er attraktiv fisk å fiske på.

#### Biologisk mangfald.

Området er nordvendt med lite påvirkning av sol. Vassig inn mot elvane, restvassføring, doggfall og lite sol, vil ta vare på det fuktige miljøet. Dei om søkte tiltaka vil ha små verknader på det biologiske mangfaldet i området.

Det er ein raudlista art innanfor begge tiltaksområda, Sunnmørsmarikåpe.

Denne har status UV på raudlista som art med mindre enn 1000 reproduserande individ.

I følgje Holtan er det no registrert over 2000 individ.

Ingen av kjerne-områda for Sunnmørsmarikåpe vil verte påverka av tiltaka.

#### Tiltak i området.

Det er fleire hyttefelt i området. Mange hytter er alt bygde, men det er framleis mange ledige tomter vi håper vert bygd på i framtida. Det er ingen som meiner desse to tiltaka vil verke negativt på denne aktiviteten. Tvert om vil opprustinga av vassverket sitt inntak vere positivt.

Med det fokuset som er på klima og rein energi, er det positivt i reiselivssamanheng at bygda brukar litt av sine store vassressursar til å vere sjølvberga med kortreist, rein og fornybar energi både til fastbuande og tilreisande. Vi ser det og som positivt for turisme og reiseliv at bygda som var tidleg ute med kraftproduksjon kan vidareføre denne kulturarven.

#### Samarbeid.

For å redusere dei totale inngrepa i høve til vassforsyning og produksjon av fornybar energi bør begge prosjekta få konsesjon. Gjennom samarbeid kan vi då redusere omkostningane både når det gjeld økonomi og miljø.

Dersom både Fossheim og Dyrdøla får konsesjon, kan dei byggast ut med felles kraftstasjon og felles tilkopling til høgspennetnettet. Det vil spare bygging av ei stasjonsbygning med tilhøyrande veg, gje 11,5 GWh fornybar energi til lav kostnad, og nytt inntak for vassverket. Dette i eit område som er i aktiv bruk med jordbruk, skogbruk og hyttebygging.

#### Konklusjon.

Dei omsøkte tiltaka vil ikkje redusere bygda sin verdi for friluftsliv eller som reisemål. Største trugsmålet mot ei attraktiv bygd med mange gode kvaliteter, er her som mange andre stader attgroing og reduksjon av kulturlandskapet. Om sommaren er ikkje Storfossen synleg frå vegane fram gjennom bygda av den grunn. Avfolking, gjengroing og nedbygging av landbruket er eit større trugsmål mot det biologiske mangfaldet og reiselivet, enn utbygging av to mindre elvestrekningar som fremjar grunnlaget for busetnad. Dette er ikkje nemnt eller vurdert i dei nemnde fråsegnene.

## Dyrdøla kraftverk

### Plassering av stasjon.

Fylkeskommunen er imot bygging av kraftverk nært Storfossen, medan Fylkesmannen tilrår flytting nærare fossen. Vi kan ikkje sjå at eit lite kraftverk vil verke negativt på inntrykket av Storfossen. Vi er i nærleiken av gardstun med fleire bygningar. Kraftverkbygninga vil falle naturleg inn i dette miljøet. Prosjektet balanserer på kanten av å vere lønsamt. Vi kan likevel vere med på flytte kraftverket til der Dyrdøla renn ut i Storelva. Det gir litt mindre fall og lenger kabel for tilknytning til nettet, men kortare tilkomstvei og litt kortare røyrgate.

Dersom det er aktuelt å samordne dei to kraftverka vil Dyrdøla få felles utløp med Fossheim. Det kan få konsekvensar for stasjonsplasseringa. Vi er elles opne for å finne best muleg løysing som tek omsyn til heilskapen.

Kommunen tilrår utbygginga og verken Fylkeskommune eller Fylkesmann rår frå.

Naturvernforbundet er negative til det meste og konkluderer med at den biologiske rapporten er for dårleg grunnlag til å avgjere saka. Dei stiller også spørsmål ved grunnlaget for plassering av inntaket til vassverket.

### Inntak.

Det går fram av søknaden at plassering av inntaket var grundig utgreidd og at inntaket må vere der det er planlagt. Det er i dag problem med vasstrykket for dei medlemene som ligg høgst. Inntaket må difor minst ha same høgda som betongkanten på den gamle dammen og helst litt til. Dette vil gi ikkje gi endringar i høve til fossesprøyt og miljø. Detaljplanlegging av konstruksjon og plassering vil bli gjort av kompetente selskap for å redusere dei problema vassverket har med dagens inntak. Av omsyn til kostnad og minst muleg påverknad på miljøet vil ikkje dammen bli bygd større enn nødvendig. Vi kan ikkje sjå at fossesprøytsona vil verte påverka og då fell innvendigane bort for dette området.

Når det gjeld dokumentasjon for at kraftverket ikkje medfører ekstra ulemper syner vi til bilde 1.2.1. s. 4, 1.2.2. s.5 og 2.2.8B. s. 14 som viser der inntaksrøret vil bli grave ned og området rydda og sett i stand.



### Rørgate

Vi syner til bildet ovanfor, rørgata kjem langs traktorvegen til venstre, der er det tidlegare grave ned vatningsanlegg. Dette er i kanten av eit større område med gjødsla kulturbeite.

Enga nedanfor er kunsteng. Som sporloggen viser vart området ovanfor kunstenga gjennomgått av biolog.

### Konklusjon.

Kraftstasjonen kan flyttast nærare utløpet til Dyrdøla, med atterhald om kva som gjev best løysing totalt dersom både Dyrdøla og Fossheim får konsesjon.

Ettersom inntaket vil ha minimal verknad på foss og fossesprøyt fell det meste av invendingane frå naturvernforbundet vekk. Området er nordvendt med mykje vassig og er ikkje utsett for uttørking. Rørgata vil gå i eit område som ikkje har særleg interesse i samband med biologisk mangfald. Det er liten risiko for at tiltaket vil redusere det biologiske mangfaldet

### **Fossheim kraftverk**

#### Biologisk mangfald.

Fylkesmann påstår at det er fleire raudliste artar i området og listar opp mellom anna spansk kjærvel og palatanlønn. Begge desse står på svartlista og spansk kjærvel er ved sida av høymole det verste ugraset vi har i bygda. Bortsett frå Sunnmørsmarikåpe er ingen av dei nemnde artane på raudlista. Etter vår oppfatning er opplysningar frå fylkesmannen feil. Det vert fortsatt stor vassføring i vekstsesongen som ivaretek fossesprøytsone og verdiane rundt fossane. Området er nordvendt og rått frå vassig frå omliggande bakkar slik at uttørking som konsekvens av tiltaket er lite truleg.

### Anadrom elvestrekning.

Lakseelva i Norddal vart stengt for fiske i 2014 sesongen av grunneigarane på grunn av svært lite fanga og sett fisk i elva. Elva har vore stengt for fiske kvart år også etter dette av same grunn. Gjennom elvaforbygning er elveløpet laga smalare og rettare ved at den er forbygd på sidene, med konsekvens at vatnet renn raskare. Fylkeskommunen skriv i si fråsegn: "Norddalselva/Dalsbygd elva er i dårleg økologisk tilstand. Tilstanden er basert på høvet for anadrom fisk. I følge vann-nett er det flomverk og forbyggingar som er årsak til dette" Rapporten frå Rådgivende Biologer AS seier at: "Uttaket av vann på den aktuelle strekningen vil gi redusert strømhastighet noe som vil gi bedre oppvekstforhold for ungfisk i sommerhalvåret. Gyteforholdene vil ikke bli påvirket". "De foreslåtte minstevassføringene sommer og vinter vil sikre tilstrekkelig med vann til å opprettholde standplassene til voksen fisk i området."

Fylkesmannen har inga vurdering av dette i grunnlaget for si motsegn.

Vi meiner ei kraftutbygging som er tenkt her vil betre oppvekstvilkåra i elva og delvis kompensere for dei menneskeskapte endringane som er gjort gjennom elvaforbygning på gjeldande strekning.

Fylkesmannen etterlyste meir utredning av akvatiske kvalitetar omkring vasslevande virvellause dyr som konkret grunnlag for den delen av det biologiske mangfaldet. Rådgivende Biologar AS er overraska og undrande over dette innspelet ettersom det ikkje er krav etter NVE-veiledaren (Korbøl 2009). Vi forstår det slik at denne type undersøkelse ikkje er naudsynt, og heller ikkje vanleg, der det er restvassføring i elva.

### Konklusjon.

Elva og fossane i det omsøkte området er svært lite synleg frå bygdevegane. Dette både på grunn av elva si beliggenheit og på grunn av attgroing. Det går ikkje stiar langs elva på omsøkt strekning og det er heller ikkje spor etter folk som oppsøker fossen. Vi meiner at naturkvaliteten og inntryksstyrken ikkje vert forringa i vassdraget. Området har ikkje urørt natur. Oppvekstvilkåra for anadrom fisk vil betre seg.

I friluftsliv og turistsamanheng meiner vi det vil vere positivt med ei utbygging som det her er snakk om. Bygda vil vere sjølvhjelpen med kortreist, rein og fornybar energi både til fastbuande og tilreisande, og bygda får vidareføre kulturen med lokale kraftverk. Prosjektet vil bidra til at det framleis vert folk i bygda som kan fortsette å leggje tilrette for friluftsliv i området.

Norddal 14.07.2017

Fossheim Kraft SUS

Dyrdøla Kraft SUS

Oddmund Dalhus

Per Monrad Dahl